

KOMMUNIKASJONSPLAN

UTVIKLINGSPROSJEKTET VED NORDFJORD
SJUKEHUS

Kommunikasjonsplan for utviklingsprosjektet ved Nordfjord sjukehus

1. INNLEIING

Dette dokumentet er **Utviklingsprosjektet ved Nordfjord sjukehus (heretter kalla utviklingsprosjektet)** sin plan for informasjon og kommunikasjon.

Kommunikasjonsplanen omhandlar både:

- Intern kommunikasjon:
 - Mellom prosjektdeltakarane og –gruppene
 - Mellom prosjektet og Helse Førde HF og Helse Vest RHF
- Ekstern kommunikasjon:
 - Mellom prosjektet og aktørar utanfor forvaltninga

Kommunikasjonsarbeidet skal bidra til at prosjektet når måla sine i praksis. For å sikre at prosjektet lukkast med å skape oppslutning for tiltaka hos interessentane, skal iverksettinga av kommunikasjonstiltak være ein naturleg del av all planlegging i prosjektet og eit strategisk verkemiddel.

Erfaringane frå kommunikasjonsarbeidet skal inngå i prosjektrapporten frå Utviklingsprosjektet ved Nordfjord sjukehus. Kommunikasjonstiltaka skal ha nasjonal overføringsverdi og inngå i modellar for kommunikasjonsarbeid knytt til omstillingsprosjekt ved lokalsjukehus andre stader i landet.

Kommunikasjonsstrategien er tufta på, og tek utgangspunkt i, prosjektdirektivet for Utviklingsprosjekt ved Nordfjord sjukehus. Kommunikasjonsstrategien er i dette dokumentet operasjonalisert i ein tiltaksplan med tidfesta milepælar.

2. ORGANISERING

Utviklingsprosjektet er eigd av Helse Vest RHF.

Styringsgruppeleiar Odd Søreide, Helse Vest RHF, har hovudansvar for ekstern kommunikasjon.

Prosjektleiar Anne Kristin Kleiven, Helse Førde HF, har ansvar for å samordne kommunikasjon og informasjon internt.

Sekretariatet si oppgåve er i samråd med kommunikasjonsrådgivarar frå HF og RHF å gi råd knytt til kommunikasjon og utarbeide informasjonsmateriell. Der det er hensiktsmessig og mogleg skal prosjektet drive kommunikasjonsarbeid i samarbeid med kommunikasjonsavdelinga i Helse Førde HF. Slik gjer prosjektet seg nytte av lokal kommunikasjonserfaring- og kompetanse knytt til Nordfjord sjukehus. Samarbeidet kan omfatte redaksjonelt samarbeid om saker for internett og intranett, utforming av materiell til medieseminar og informasjonsmøte, osv.

For å sikre at kommunikasjonen er relevant og oppdatert for interessentane, bør kommunikasjonstiltaka vere basert på drøfting og samordning mellom kommunikasjonsansvarlege i prosjektet og informasjonsansvarlege i Helse Vest RHF og Helse Førde HF. Informasjonsmateriell skal på førehand sendast til partane for gjennomlesing og attendemelding.

Før informasjon publiserast offentleg, skal innhaldet sendast til godkjenning hos sekretariat, styringsgruppeleiar eller prosjektleiar.

3. KOMMUNIKASJONSMÅL FOR UTVIKLINGSPROSJEKTET

”Å aktivt informere og opplyse om prosessar, avgjerder og tiltak, og sikre alle interessentar enkel tilgang til slik informasjon”.

4. INTERESSENTANALYSE

Interessentanalyse er eit verktøy for å treffe dei viktigaste målgruppene og kommunikasjonsiltaka for utviklingsprosjektet.

For å finne interessentane til utviklingsprosjektet, har sekretariatet spurt seg:


1. Kven blir påverka av prosjektarbeidet og prosjekttiltak?
2. Kven kan påverke gjennomføring og implementering av prosjektet?

Interessentane er deretter plassert i matrisa nedanfor, ut i frå svara på følgjande to spørsmål:


1. I kva grad blir interessenten påverka av prosjektet? (låg, middels, høg)
2. I kva grad kan interessenten påverke utfallet av prosjektet (låg, middels, høg)

Dei fire kategoriane i matrisa viser kva type kommunikasjonstiltak som er naudsynt for å skape aksept for prosjekt og prosjekttiltak hos kvar interessentgruppe:

4.1 Tiltaksmatrise - ekstern kommunikasjon:



4.2 Tiltaksmatrise - intern kommunikasjon:



Eksempel for å forklare effekten av interessentanalysen og matrisen: Interessentgruppa "medarbeidarar og tillitsvalde" (ved Nordfjord sjukehus) blir i høg grad påverka av prosjektet. Samtidig kan medarbeidarane i høg grad påverke om prosjektet blir vellukka eller ei. Plasseringa i tiltaksmatrisa viser at det ikkje vil vere tilstrekkeleg å informere om utviklingsprosjektet til medarbeidarane: Plasseringa i kvadranten øvst til høgre viser at tiltak som legg til rette for *samarbeid* er naudsynt for å sikre at medarbeidarane aksepterer prosjektet.

4.3 Målgrupper

Prosjektet må innanfor tilgjengeleg ressursituasjon utforme kommunikasjonstiltak tilpassa dei prioriterte interessentane (= målgrupper). I prosjektdirektivet er fire målgrupper peikt på som særleg viktige:

- Befolkninga og kommunane i Nordfjordregionen (ekstern kommunikasjon)
- Helse- og omsorgstenesta i kommunane og fastlegane i Nordfjordregionen (ekstern)
- Medarbeidarar i Helse Førde HF, særleg dei ved Nordfjord sjukehus (intern)
- Lokale media/redaktørar (ekstern)

På grunnlag av interessentanalysen og innspel i arbeidet med kommunikasjonsplanen, blir ytterlegare fem målgrupper tekne inn :

- Leinga og tillitsvalde/vernetenesta i Helse Førde (intern):
- Leiargruppa Nordfjord sjukehus (intern)
- Klinikkråd Helse Førde (intern)
- Praksiskonsulentane (intern)
- Brukarutvala (intern)

For delprosjekt med særleg utfordrande tematikk, kan det vere aktuelt å teikne eigne interessentkart og sette i verk eigne tiltak.

4.4 Andre interessentar

Prosjektet bør undervegs også søke å fange opp interessentgrupper som ein i utgangspunktet ikkje har definert inn som målgruppe.

I tillegg til målgruppene har utviklingsprosjektet identifisert følgjande interessentar:

- Fylkesmannen og fylkeskommunen
- Lokale interessegrupper
- Lokale politikarar
- Stortingspolitikarar med lokal tilknytning/engasjement
- Helse- og omsorgsdepartement
- Helsedirektoratet
- Andre regionale helseføretak
- Helse Møre og Romsdal
- Andre lokalsjukehus i landet
- Næringslivet i Nordfjord

OPPDATERT TILTAKSPLAN – REVIDERT I STYRINGSGRUPPEMØTE 25/4-2012

5.1 Tiltaksplan eksterne målgrupper – hovudansvarleg: Odd Søreide

| Målgruppe | Tiltak | Formål | Tidspunkt | Rutine | Status |
|---|---|--------------------------------------|---|--|--------------------------------------|
| Befolkninga og kommunane kring Nordfjord | Intervju i lokale media | Informere Engasjere | På førespurnad | Liste opp aktuelle poeng/fakta som prosjektet ønskjer å få fram i intervju. | Ok |
| | Kronikk og pressemelding Presentere data for no-situasjonen + informere om arbeidet og vidare | Informere | Kvart møte i styringsgruppa + når det er naudsynt å korrigere feil fakta og påstandar i offentleg ordskifte | Sette i verk førebuingar to veker før kvart møte | Ok |
| | | | | | Informasjonsbehov dekket av nettside |
| | Lenkje til www.framtidaskalsjukhus.no på kommunane sine heimesider og på FFOs heimesider | Informere | Umiddelbart | | Ok. Sigurd sjekker status. |
| Kommunehelstetenesta og fastlegane i regionen | Idémøter Deltaking i ulike møte - PKO sine fagforum - møte med kommunalsjefar og fastlegar | Engasjere Involvere Samarbeide | Mars 2012. Fortløpande vurdere moglegheit for nye idémøte undervegs. | Kan bli aktuelt for enkelte typer prosjekttiltak når arbeidet med desse er kome nokre steg lengre. | |

| | | | | | |
|----------------------------|---|--------------------------------------|---|--|----|
| | "Høyrings"-møte Samle reaksjonar og innspel om moglege konsekvensar av ulike løysingar | Engasjere | Januar 2013, i det alternative løysingar innan kvart område er kartlagt. | | |
| Lokale media og redaktørar | Møte mellom leiar av styringsgruppa, prosjektleiar og lokale redaktørar. Gjerne kombinert med medieseminar med informasjon om prosjektet og spørsmål frå salen. | Engasjere Informere | Umiddelbart Vurdere behov for oppfølging seinare i prosjektperioden, til dømes når konsekvensanalysar er ferdigstilt (januar 2013). I samarbeid med Helse Førde? | Kommunikasjon med lokale media er etablert gjennom kronikkar, pressemelding og kommentarar i nyheitssakar. Vurderinga er difor at mediaseminar ikkje er naudsynt på noverande tidspunkt. | |
| Alle målgrupper | Oppdatering av www.framtidaskokalsjuk.ehus.no | Informere | Kontinuerleg | Legg ut informasjon etter kvart møte i styringsgruppa og prosjektgruppa. | Ok |
| | Bruke etablerte samarbeidsarenaer (t.d. Nordfjordsrådet, kommunalsjefmøte, PKO-møte, samarbeidsråd) | Engasjere Involvere Samarbeide | Fortløpande vurdere moglegheit | Fortløpande vurdere moglegheit | |
| Alle målgrupper | Sende ut kortfatta pressemeldingar og nyhetssaker til lokalaviser | Informere | Fortløpande | Ansvar for å spele inn nyheiter ligg hos Odd, Anne Kristin + sekretariat | |
| Fastlegar Kommunelegar | Informasjonsmøte | Informere Involvere Engasjere | Juni | Odd tek initiativ | |

5.2 Tiltaksplan interne målgrupper – hovudsakleg ansvarleg: Anne Kristin Kleiven

| Mål-gruppe | Tiltak | Formål | Tidspunkt | Rutine | Status |
|--|---|--------------------------------------|---|--|----------------------------|
| Med-arbeidarar og tillitsvalde (særleg dei ved Nordfjord sjukehus) | Informasjonsmøte med høve for innspel frå medarbeidarar, tillitsvalde, vernetenesta, leiarar | Informere Involvere | I samband med kvart prosjektmøte og møte i styringsgruppa i Nordfjord | I første rekkje ansvar for styringsgruppeleiar. Kall inn ei veke i forkant med invitasjon; teksten må inkludere alle | Ok |
| | Kanal for innspel og idear til prosjektet Legg ut følgjande info på www.framtidaskokalsjuk.ehus.no : "Har du idear til organisering av framtidaskokalsjuk.ehus? Ta kontakt med dine tillitsvalgte." | Informere Engasjere | Umiddelbart Kontinuerleg | Opplyse om kanalar for innspel og idear til prosjektet ved kvart informasjonsmøte med medarbeidarar og tillitsvalde | Ok |
| | Dialogmøte med vernetenesta og tillitsvalde | Involvere Engasjere Samarbeide | I løpet av våren 2012 | Informere på eitt regionalt HR-direktørmøte . | Anne Kristin tek initiativ |
| | Intranett Helse Førde: Legge ut synleg lenkje til www.framtidaskokalsjuk.ehus.no | Informere Involvere | Umiddelbart | | Ok |

| | | | | | |
|---------------------------------------|--|--------------------------------------|--|---|----------------------------|
| | Intranett: Leggje ut kronikkar og pressemeldingar | Informere | Kontinuerleg | Send til Helse Førde med sperrefrist til media får teksta. OK | Ok |
| | Presentasjon av data: Presentasjon av data for no-situasjonen + få reaksjonar spørsmål frå medarbeidarar | Informere Involvere | Mars 2012, i det data for no-situasjon er ferdigstilt. | Er i første rekkje ansvar for styringsgruppeleiar knytt til følgjeforsking. | Ok |
| Brukarutval | Delta i møte i lokalt og regionalt brukarutval | Involvere Engasjere Samarbeide | Regional samling 13.juni | | Sekretariat følgjer opp |
| Leiinga i Helse Førde | Sikre infoflyt og kommunikasjon mellom føretaksleiing og styringsgruppeleiar | Involvere Engasjere Samarbeide | Kontinuerleg | Prosjektleiar gir kontinuerleg info og har drøfting med føretaksleiinga | |
| Klinikkråd i Helse Førde | Sikre infoflyt og kommunikasjon mellom klinikkråd og prosjektleiar | Involvere Engasjere Samarbeide | Kontinuerleg | | |
| Leiinga ved Nordfjord sjukehus | Prosjektleiar deltek i leiarmøte så ofte som mogleg (møte kvar veke) | Involvere Engasjere | Kontinuerleg | Prosjektleiar deltek i leiarmøte så ofte som mogleg | |
| Alle interne målgrupper | Oppstartsmøte for arbeidsgruppene Innføring i prosjektet, Odd Søreide innleiar | Informere Involvere Engasjere | Mars | | |
| Alle målgrupper (eksterne og interne) | Ny interessentanalyse + ny tiltaksplan for kommunikasjon | | Ein måned før prosjektet er ferdig (sjå punkt 5.3) | | |
| Styret i Helse Førde HF | Informere på styremøte | Informere Involvere Samarbeide | På enkelte styremøte ved invitasjon | | Odd/ Anne Kristin |

Viktig!

I tillegg til tiltaka som er lista opp ovanfor, skal kommunikasjon vere **fast punkt på dagsorden på kvart møte i styringsgruppa og prosjektgruppa**. Medlemene i prosjektet har i fellesskap ansvar for å stille kritiske spørsmål knytt til korleis ulike kommunikasjonstiltak – eller mangel på slike tiltak – blir oppfatta av og påverkar interessentane. Å ta høgde for slike innvendingar gir verdifull "eigenkorreksjon".

Rutine: Be møtedeltakarane svare på følgjande spørsmål:

- Korleis er kommunikasjonssituasjonen i ditt miljø?
- Har utviklingsprosjektet eit kommunikasjonsbehov knytt til dette miljøet?

Viss ja: Setje i verk kommunikasjonstiltak.

5.3 Ny tiltaksplan i samband med ferdigstilling av prosjektet.

Ein måned før ferdigstilling av sluttrapport skal utviklingsprosjektet:

- Gjennomføre ny interessentanalyse:
 - Har nye interessentar komen til?
 - I kva grad har eksisterande interessentar sin påverknad på prosjektet endra seg?
- På bakgrunn av ny interessentanalyse utarbeide ny tiltaksplan for kommunikasjon kring presentasjon av sluttrapporten frå prosjektet.